

Foreninga La villreinen leva! | Vedtekter

§ 1 Namn og organisasjonsnummer

La villreinen leva! vart stifta 25.08.2024. Vedtektene vart godkjent i stiftingsmøtet. Foreninga La villreinen leva! er registrert i Einingsregisteret med organisasjonsnummer _____.

§ 2 Formål

- **La villreinen leva!** skal kjempe for å ta vare på villreinen og alle dei 24 leveområda til villreinen i fastlands-Noreg, i tråd med dei nasjonale og internasjonale forpliktingane våre.
- **La villreinen leva!** meiner at villreinen skal prioriterast fyrst i alle saker som kan påverke dyra og leveområda. Når ein tek vare på villreinen, tek ein samtidig vare på mange andre artar som lever i dei same områda. Kraftindustri, vegar, idrettsanlegg, hus og hytter har innskrenka og stykka opp leveområda til villreinen, i tillegg forstyrrar menneskeleg ferdsel. Arealinngrep i randsonene og i villreinområda må stansast, og menneskeleg forstyring må reduserast.
- **La villreinen leva!** skal vera ein modig og konstruktiv bidragsytar til samfunnsdebatten om villrein, høgfjellsøkologi, naturmangfald og berekraft.
- **La villreinen leva!** er ei sjølveigande, ideell, partipolitisk uavhengig foreining. At foreininga er sjølveigande, inneber at ingen, korkje medlemmer eller andre, har krav på foreininga sin formue eller eigedelar, eller er ansvarleg for gjeld eller andre forpliktingar.
- **La villreinen leva!** vil arbeide for å gjeva villreinen status som Noregs nasjonaldyr.

§ 3 Verksemda til La villreinen leva!

Formålet skal søkjast å bli realisert gjennom følgjande aktivitetar:

- byggje vidare på «Opprop for villreinen» som vart levert til Stortinget 13. juni 2024.
- arbeide for å stoppe nye tekniske inngrep (som vegar, kraftutbygging, linjeutbygging, tilrettelegging for masseturisme og hyttebygging) der desse er til hinder for villreinen.
- arbeide for å regulere menneskeleg ferdsel i spesielt sårbare område for villreintrekk, viktige beiteareal og kalvingsområde.
- arbeide tverrpolitisk på lokalt, regionalt og nasjonalt plan for at villreinen og leveområda til villreinen blir ivareteke.
- vera ein aktiv debattant og påverke i aktuelle fora.
- i samarbeid med lokale villreinforeiningar skapa forståing for situasjonen til villreinen i alle dei 24 villreinområda og spreie kunnskap om naturgrunlaget og historia til villreinen.
- formidle informasjon på ein lettfatteleg og etterretteleg måte.

- tufte arbeidet på kunnskapsgrunnlaget levert av Nina, Norsk villreinsenter og andre offisielle forskings- og kunnskapskjelder.

§ 4 Medlemmer

Medlemmer i La villreinen leva! er:

- Enkeltpersonar og organisasjonar som sluttar seg til formålet vårt.
- Årsbetalande enkeltmedlemmer frå det året ein fyller 16 år. Alle under 20 år betaler halv kontingent.
- Medlemskapet er gyldig frå den dagen du har betalt kontingenten.
- Medlemskapet blir sletta når medlemmen ikkje har betalt kontingent i eit nytt medlemsår.
- La villreinen leva! skal ha elektronisk medlemsliste tilgjengeleg for rekneskapsbyrå og revisor.
- Medlemmene har følgjande rettar: Tale, forslags- og stemmerett på årsmøtet og valrett til tillitsverv.

§ 5 Styret

Styret i **La villreinen leva!** består av leiar, nestleiar, og frå tre til fem styremedlemmer og to varamedlemmer. Leiaren blir vald for eitt år, nestleiar og styremedlemmer blir vald for to år og varamedlemmer blir vald for eitt år.

§ 6 Styrets plikter

Styret konstituerer seg sjølv med kasserar, sekretær og fordeler andre oppgåver.

Årsmøtet blir kalla inn til av styret eller når minst ein fjerdedel av medlemmane krev det. Styre- og medlemsmøte blir halde når leiaren finn det nødvendig eller når tre av styrets medlemmer ber om det.

Vedtak blir fatta med alminneleg fleirtal.

Styret er beslutningsdyktig når minst tre i styret er til stades. Ved stemmelikskap har leiaren dobbeltstemme.

Styret blir kalla saman når det er behov for det, og minst fire gonger i året.

Styret utarbeider ei årsmelding som blir lagt fram for godkjenning på årsmøtet.

Styret legg fram rekneskap og forslag til budsjett for godkjenning på årsmøtet.

Styret vedtek kven som fører rekneskapen, sørger for å innkassere kontingenten og fører medlemsoversikt. Styret forvaltar foreininga sine midlar.

Styret skal arbeide for at **La villreinen leva!** har ein sunn og god økonomi.

Styret gjer alle vedtak som etter vedtektene ikkje er tillagt årsmøtet. Det skal først referat frå alle styremøte.

Styret bestemmer kven som har signaturrett.

§ 7 Revisor

Revisor er vald av årsmøtet.

Revisor leverer årleg rapport til årsmøtet.

§ 8 Kontingent og medlemskap

Kontingenten blir fastsett av årsmøtet. For å vera valbar og ha røysterett må ein ha betalt kontingent innan ein månad før årsmøtet.

§ 9 Årsmøtet

Årsmøtet er **La villreinen leva!** sin øvste myndigheit. Årsmøte blir halde i løpet av hausten kvart år, frå og med 2025, og blir kunngjort av styret med minst ein månads varsel til medlemmene. Sakliste og sakspapir, inkludert innstilling til val av nye styremedlemmer, skal gjerast kjent for medlemmene seinast ei veke før årsmøtet skal haldast.

Forslag som medlemmer ynskjer å få behandla på årsmøtet, må vera sendt inn til styret seinast 14 dagar før årsmøtet slik at styret kan behandle forslaget og ta det med i innkallinga.

Det ordinære årsmøtet skal behandle:

- Godkjenning av dagsorden.
- Val av ordstyrar, referent og to til å underskrive protokollen frå årsmøtet.
- Årsmelding.
- Rekneskap.
- Innkomne forslag frå styret og medlemmene.
- Fastsetjing av kontingent.
- Godkjenning av styrets forslag til budsjett.

Val:

- Leiar for eitt år.
- Tre styremedlemmer for to år (ved fyrste årsmøte blir to vald for eitt år, leiar og eitt styremedlem).
- To varamedlemmer til styret for eitt år.
- Styremedlemmer og varamedlemmer blir vald med ei rimeleg fordeling mellom kjønn, alder og geografi.
- Revisor. Funksjonstid eitt år.
- Valkomite med leiar og to medlemmer for eitt år.

Det blir ført protokoll frå årsmøtet. Protokollen blir underteikna av to av årsmøtets deltakarar.

§ 10 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte blir kalla inn med minst 14 dagars varsel direkte til medlemmene når styret finn det nødvendig, eller ved skriftleg krav frå minst 1/4 av medlemmene. Berre saker som er ført opp på dagsorden i kravet, med eventuelle tillegg frå styret, kan behandlast. Innkalling skjer ved e-post eller sms.

§ 11 Vedtektsendring

Forslag om vedtektsendring må sendast inn til styret innan 1. september og behandlast på ordinært årsmøte. Vedtektsendring krev 2/3 fleirtal blant dei frammøtte med stemmerett. Vedtektsendringar gjeld frå første dag etter at årsmøtet er halde.

§ 12 Oppløysing

Forslag til oppløysing av **La villreinen leva!** blir behandla av det ordinære årsmøtet. Vedtak krev 3/4 dels fleirtal blant dei frammøtte med stemmerett.

Eigedelar blir omsett, og økonomiske middel blir overdrege til Norsk villreinsenter Sør, Skinnarbu og Norsk villreinsenter Nord, Hjerkin.